



Tysdag klokka 17 vert det nabomøte i Dønhaugkjedlaren om Festidalen og det som skal skje. Det vert gjeve brei informasjon og høve til å stilla spørsmål og drøfta problem som knyttar seg til arrangementet. Tidlegare er det sendt ut eit nabovarsel. Det vert endel liv og røre - noko av det' stillfarande slaget og noko med høg musikk ute. 200 personer gjennomfører dette på dugnad utan anna løn enn glede over å skapa noko som andre kan gle seg over.

**Mange firma, organisasjonar, grunneigarar og einskildpersonar  
bidreg til festivalen**

Noko det vert lagt stor vekt på er tryggleiken for alle. Om det oppstår uønska situasjonar kan ein ta kontakt med ein av vaktene eller ta direkte kontakt med tryggleiksjef Kjell Johnstad (900 87221)

Området skal riggast frå tysdag til fredag og søndag og måndag skjer nedigginga. Det vil skje endel trafikkomlasting på grusbana. Der skal også parkering skje.

Bussar tek oppstilling i vegen på Kjerlandsido og køyrer publikum heim frå klokka 01.30. Denne vegen vil også gåande publikum nytta til og frå. Det vert oppmoda om å køyra Døslandsido så lenge arrangementa varar. Kjerlandssido kan eventuelt nyttast einvegskøyrte ned dalen.

Kjerlandssido vert stengt mellom 01.00 og 02.00 grunna bussoppstilling frå brua til Myklebustsvingen.

Det kan verta helikoptertrafikk over sentrum og til Storhaug på dagtid laurdag og søndag.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen